



RYFYLKE IKS

Innkalling til styremøte i ungdomsstyret i Ryfylke

Tid: Måndag 7.september 2026 kl.17:15-19:15

Stad: Peppes Pizza, Stavanger

**Innkallinga går
til:**

Malena Løland
Renate Åsland Hagen
Guro Søraas Vasshus
Nikolai Wollum
Ylva Schmidt Tjøstheim
Tiril Espedal
Sigrid Fossan Medalen
Peder Krokedal
Kidane Tesfamichael Sibhatteab (vara for
Sebastian Valheim)

Med kopi til:

Hanna Ramstad Eikevik
Ruben Lund
Brede Krogedal
Martin Midtbø

RYFYLKE

Ein attraktiv region der
folk vil bu og arbeide



Saksliste

Sak 20/26	Godkjenning innkalling og møtebok frå møte 27.08.26	3
Sak 21/26	Val av arbeidsutval	3
Sak 22/26	RyRekrutt 2027	3
Sak 23/26	Eventuelt orientering	5

Sak 20/26 Godkjenning innkalling og møtebok frå møte 27.08.26

Møteboka frå møtet 27.08.26 ligg ved.



Framlegg til vedtak:

Styret godkjenner møtebok frå møte 27.08.2026, innkalling og saksliste.

Sak 21/26 Val av arbeidsutval

Arbeidsutvalet skal bidra til å førebu saker og innstillingar til møta i Ungdomsstyret, og ha tett dialog med prosjektleiar og administrasjonen mellom styremøta. I dette møtet skal styret mellom anna starte arbeidet med planlegginga av neste RyRekrutt. For å sikre god framdrift og involvering av ungdom også mellom styremøta, blir det tilrådd å velje eit arbeidsutval som kan arbeide vidare med saker, utvikle forslag og presentere løysingar for styret.



Framlegg til vedtak:

Ungdomsstyret vel

...

og

...

som medlemmer av arbeidsutvalet.

Sak 22/26 RyRekrutt 2027

Bakgrunn:

RyRekrutt er ein nettverks- og rekrutteringsfest som skal skape ein attraktiv møteplass mellom ungdom og arbeidsliv i Ryfylke. Målet er å gi ungdom innsikt i jobb- og karrieremoglegheiter i regionen, samtidig som arrangementet legg til rette for nettverksbygging i ein sosial og uformell setting.

RyRekrutt 2026 vart arrangert på Fiskepiren i Stavanger 30. mars. Arrangementet var for ungdom mellom 18 og 30 år og bestod av stands frå bedrifter og kommunar, enkel sceneaktivitet, mat, mingling og konsert med Ari Bajgora. Totalt deltok 418 personar, og 24 bedrifter/aktørar hadde stand. Ungdomsstyret var involvert i planlegging, marknadsføring og gjennomføring, og fungerte mellom anna som konferansierar.

Evalueringa viser at RyRekrutt fungerer godt som sosial møteplass, men at det er behov for å styrke rekrutteringsdelen. Ei sentral utfordring var at mange deltakarar kom seint eller i hovudsak deltok for konserten og hotellovernattainga, noko som gav låg trafikk og lite engasjement på bedriftsstandane.

Formål:

Starta arbeidet med hovuddrammene for Ryrekrutt 2027, slik at me kjem tidleg i gang med planlegging og fordeling av oppgåver.

Tema til drøfting i styremøtet:

- **Evaluering og læringspunkt frå Ryrekrutt 2026:**

Evalueringa ligg ved innkallinga.

- **Kva skal RyRekrutt vere?**
Korleis finn me den gode balansen mellom sosial møteplass/fest og rekrutteringsarena?
 - **Korleis får me ungdom til å møte bedriftene?**
Kva kan me gjere for å få fleire til å delta aktivt i rekrutteringsdelen, og korleis kan møta med bedriftene bli meir attraktive og uformelle?
 - **Kva bør me endre i konseptet?**
Kva frå 2026 bør me vidareføre, kva bør me endre, og kva nye aktivitetar eller format bør me prøve?
 - **Kva rolle skal ungdomsstyret ha?**
Kva ønskjer ungdomsstyret å bidra med og ha ansvar for i planlegging og gjennomføring av RyRekrutt 2027?
- **Dato:** Når bør Ryrekrutt 2027 gjennomførast?
 - **Plass og lokalar:** Kvar skal arrangementet haldast? Skal me gå for same plass som sist, eller vurdere nye alternativ?
 - **Målgruppe:** Kva målgruppe/r ønskjer me å nå med å arrangere Ryrekrutt?
 - **Konsept og innhald:** Kva ønskjer me å tilby deltakarane? Skal me vidareutvikla noko frå 2026, eller teste nye idéar?
 - **Samarbeidspartnarar:** Kven ønskjer me å samarbeide med? Kommunar, bedrifter, organisasjonar?
 - **Overnatting og transport:** Vil me tilby hotellovernattning eller transport?
 - **Artistar og konferansier:** Har me ønskjer eller forslag? Når bør bookingprosessen starte?
 - **Økonomi og budsjett:** Kva rammer ser me for oss? Kva kostnadar må me ta høgde for?

Framlegg til vedtak:

Ungdomsstyret diskuterer punkta over og startar arbeidet med ein grovplan for Ryrekrutt 2027. Arbeidsutvalet jobbar vidare med utviklinga saman med Ryfylke IKS.

Sak 23/26 Eventuelt orientering

Melding av orienteringssaker som ikkje står på sakslista.

Framlegg til vedtak:

Styret tar saka til orientering.



Ungdomsstyret i Ryfylke

Ungdomsstyret består av medlemmar frå alle kommunane i Ryfylke. Styret skal vera ein viktig pådrivar for å auka deltaking av unge i utviklinga av Ryfylke-regionen. Dette inkluderer å bidra til å byggja gode møtestader og å styrkja Ryfylke sin posisjon som ein attraktiv plass å bu og arbeide for ungdom.